



Voss herad

Mangfaldserklæring Voss herad 2025

Innvandrarrådet 10.mars 2025

Voss 

 bygd for alle

Heradsstyret sak 117/24 vedtak:

Administrasjonen utarbeidar ei politisk sak ("erklæring") som gjev føringar for arbeidet med kjønns- og seksualitetsmangfald i Voss herad. Dette då med utgangspunkt i Regjeringa sin "Handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfald" (2023 -2026).

Mangfaldserklæringa er eit prinsippdokument som skal sikra at skeive sine perspektiv skal syna att i alle tenester og planar i Voss herad.

Det skal byggjast vidare på erklæringa når det i neste planperiode skal utarbeidast *Temaplan for Mangfald og inkludering* med strategiar, tiltak og plan for implementering for mangfaldsarbeidet i Voss herad.

Mål: Erklæringa skal ha positiv effekt på vossasamfunnet og at lokalsamfunnet vil la seg påverka til at me samla sett vert eit samfunn med sterke menneskerettar, friheit og mangfald.



Handlingsplanen skal betra livskvaliteten for skeive personar, sikra deira rettar og fremja større aksept for mangfaldet av kjønn og seksualitetar

MÅL

1. Auka livskvaliteten til skeive
2. Sikra skeive sine
3. Skapa større aksept for kjønns- og seksualitetsmangfald

INNSATSOMRÅDE

1. Skeive med minoritetsbakgrunn og skeive i religiøse samfunn

Tiltaka for å støtta skeive personar med etnisk minoritetsbakgrunn og dei som høyrer til religiøse samfunn.

2. Transpersonar og personar med kjønnsinkongruens

Transpersonar og personar som opplever konflikt mellom kjønn og kjønnsidentitet.

3. Inkluderande idrett

Idretten inkluderande for alle, uavhengig av kjønn og seksualitet.



Fleire med minoritetsstatus blir ofte utsett for diskriminering på fleire grunnlag, altså ein såkalla samansett eller dobbel diskriminering.

Dette gjer utslag i dårlegare scoring når det gjeld levekår, sjølvmondsforsøk og einsamheit.

Det er behovet for å styrkja innsatsen for skeive som tilhøyrer etniske og kulturelle minoritetar.

Innsatsområde 1:


Skeive med minoritetsbakgrunn

Tiltak

- Målretta informasjon for å auka forståinga for skeive innvandrarakar, både i samfunnet generelt og innanfor minoritetssamfunn.
- Tiltaka som skal motverka stigmatisering og isolasjon av skeive i minoritetssamfunn, og å sikra at dei får tilgang til trygg støtte og rettigheitar.
- Styrkja samarbeidet med frivillige organisasjonar som jobbar med skeive minoritetar og innvandrarakar.

Mål

- Auka livskvaliteten til skeive med minoritetsbakgrunn og skeive i religiøse samfunn
- Styrka aksepten for kjønns- og seksualitetsmangfald i minoritetsmiljø og religiøse samfunn.
- Auka kunnskap om situasjonen til skeive med minoritetsbakgrunn og skeive i religiøse samfunn hjå relevante aktørar og befolkninga elles.
- Trygge møteplassar for dialog om kjønns- og seksualitetsmangfald.



Forslag til mangfoldserklæring Voss herad 2025

I tråd med «Regjeringa sin handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfold 2023-2026» skal Voss herad jobba for å fremja eit samfunn prega av respekt, likeverd og inkludering for alle, uavhengig av kjønn, kjønnsidentitet eller seksuell orientering.

I Voss herad skal me ha eit trygt og inkluderande lokalsamfunn der alle kan vera opne om sin identitet, utan frykt for negative konsekvensar.


Målsetting: Gjennom auka kunnskap, dialog og tilrettelegging skal me skapa eit rausare og meir mangfaldig lokalsamfunn der alle føler seg trygge, frie og velkomne! Ved å skapa større aksept for kjønns- og seksualitetsmangfold vonar me at livskvaliteten til skeive på Voss vert betre.

Me når måla ved å:

- sikra at mangfald og inkludering er integrert i kommunale strategiar og planverk.
- tilby opplæring om kjønns- og seksualitetsmangfald for tilsette.
- normalisera ulike formar for familievariasjonar i barnehage og skule.
- implementera kjønnsnøytrale og likestillingsfremjande tiltak i offentlege tenester.
- skapa trygge møteplassar for alle, uavhengig av kjønn, kjønnsidentitet eller seksuell orientering.
- førebyggja og motverka bruk av krenkande ord i skule og fritid.

Spørsmål til innvandrarrådet:

- Korleis meiner de mangfaldserklæringa bør utformast og kva skal den innehalda?
- Har de innspel til målsettinga?
- Har de innspel til korleis me skal nå måla?
- Kva spesielle tiltak bør me ha fokus på for innvandrargruppa på Voss?



Mandat for utarbeiding av «Mangfaldserklæring i Voss herad»

Bakgrunn

Voss heradsstyre vil at Voss skal vera eit trygt og inkluderande samfunn (Kommuneplanens samfunnsdel), dette skal gjelda alle. Heradsstyret vedtok difor at Voss herad skal ha ei eiga erklæring som skal bidra til å sikra dei skeive sin livskvalitet, rettar og aksept, og gjorde i HS sak 117/24 slikt vedtak:

Administrasjonen utarbeidar ei politisk sak ("erklæring") som gjev føringar for arbeidet med kjønns- og seksualitetsmangfald i Voss herad. Dette då med utgangspunkt i Regjeringa sin "Handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfald" (2023 -2026).

Erklæringa skal vera forankra i regjeringa sin "Handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfald (2023-2026)" og den skal synleggjera heradet sitt arbeid med å fremja likeverd, tryggleik og respekt for alle innbyggjarar – uavhengig av kjønn, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, seksuell orientering, funksjonsnivå eller bakgrunn.

Føremål

Mangfaldserklæringa skal styrkja Voss herad sitt arbeid for å vera ein trygg, open og inkluderande kommune. Erklæringa skal vera eit prinsippdokument som skal uttrykkja heradet sitt verdissyn og visa at mangfald og inkludering er grunnleggjande prinsipp i alt heradet gjer.

Ambisjonen er at erklæringa vil ha positiv effekt på vossasamfunnet og at lokalsamfunnet vil la seg påverka til at me samla sett vert eit samfunn med sterke menneskerettar, friheit og mangfald.

Organisering av prosjektet

Styringsgruppe	-Rådmannen si leiargruppe.
Ansvar	-Overordna ansvar for arbeidet.
Prosjekteigar	-Kommunalsjef Kultur og fritid, Trude Letnes.
Ansvar	-Styra prosjektet på overordna nivå, sørgja for at mandatet og erklæringa vert vedtatt. Prosjekteigar har mynde til å driva og avslutta prosjektet.
Prosjekteiar	-Kultur og fritid, Kristina Finne
Ansvar	-Leia og koordinera arbeidet med å utvikla erklæringa. Prosjekteiar rapporterer til prosjekteigar. Ansvar for å inkludera interessentar i arbeidet.
Ressursgruppe	-Interesseorganisasjon, enkeltpersonar, kulturråd, idrottsråd og frivilliosentral.
Ansvar	-Vera ein ressurs for prosjekteiar og bidra i arbeidet med å utarbeida erklæringa.
Referansegruppe	-Helse og omsorg, oppvekst, kultur og fritid og teknisk.
Ansvar	-Kome med innspel til erklæringa og godkjenna tiltaksplan

Oppgåver og framdrift

1. Utarbeida eit utkast til mangfaldserklæring som definerer heradet sine ambisjonar og ansvar for å fremja mangfald og inkludering.
2. Samla innspel frå relevante aktørar.
3. Fremja forslag til ei mangfaldserklæring som skal politisk handsamast og godkjennast innan juni 2025.

Interessentar og samarbeidspartar

